

PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2020-2023



Vestnes kommune

Vedtatt av Vestnes kommunestyre 29.04.2020, sak 28/20



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

1. INNLEDNING

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 23-1 skal kommunestyret velge eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på deira vegne. Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen, er ivaretatt gjennom strenge krav til kven som kan veljast til utvalet.

Kommunestyret har vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet i Vestnes kommune. Første paragraf i reglementet seier:

§ 1. Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige kontroll- og tilsynsorgan. Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Vestnes kommune, og at kommunen leverer sine tenester effektivt og målretta i medhald av lov, forskrifter, statlege føringar og kommunestyret sine intensjonar og vedtak.

Kontrollutvalet sitt reglement ligg på <https://www.kontrollutvalgromsdal.no/vestnes> sist revidert i kommunestyret **3.10.2019, sak 96/2019**.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalet sitt behov. Sekretariatet skal påsjå at dei sakene som kontrollutvalet handsamar, er forsvarleg utgreidd, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Kontrollutvalet i Vestnes har sekretariatstenester frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

Kontrollutvalet sine oppgåver er knytt både til kontroll av den kommunale forvaltninga, av kommunen sitt eigarskap i selskap og til å påsjå at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte.

Kommunelova har eit eige kapittel som regulerer kontrollutvalet si verksemd; Kapittel 23. Med heime i kommunelova er det også fastsett Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Kontrollutvalet vil i tillegg til Plan for verksemda ha ein eigen Arbeidsplan for kvart år, med planlagde tiltak og oppgåver. Arbeidsplanen blir oppdatert fortløpande og vil vere tilgjengelig på <https://www.kontrollutvalgromsdal.no/vestnes>

2. UTVALET SI SAMANSETJING

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leiar	Inge Bergum*	Ap	Sp/Krf/Frp/H	1	Svein Wiik	Frp
Nestleiar	Paul Hjelvik*	Pp		2	Arnhold Vestnes	H
Medlem	Torfinn Marken*	Sp	V/Pp/Ap/Sv	1	Geir Stokkeland	Sv
Medlem	Marianne Frøland	H		2	Marit Karadash**	Ap
Medlem	Margrethe Anundsen	V		3	Gayle Vestnes	PP

*medlem av kommunestyret.

** ikkje valbar, pga. jobb i kommunen

3. MØTEPLAN



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

- Møteplan vert lagt i første kontrollutvalsmøte i kvart kalenderår
- Kontrollutvalet sine møter skal haldast for opne dører på same måte som andre kommunale utval.
- Kontrollutvalet sine møter vert halde på dagtid.
- Kontrollutvalet i Vestnes skal halde minst 6 møter kvart kalenderår.
- Ved behov kan kontrollutvalet gjere endringar i møteplanen. Ein oppdatert møteplan ligg til ei kvar tid tilgjengeleg på <https://www.kontrollutvalgromsdal.no/vestnes>

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1. TILSYN MED FORVALTNINGA

Det generelle tilsynet med forvaltninga vert gjennomført med følgjande tiltak:

- Orientering frå administrasjonssjefen knytt til saker på kontrollutvalet si oppfølgingsliste.
- Kontrollutvalet får framlagt administrasjonssjefen sine kvartalsvise driftsrapportar for Vestnes kommune.
- Oppfølging av politiske vedtak og informasjon om eksterne tilsyn vert synleggjort i driftsrapportane.
- Utvalet kan få framlagt tilsynsrapportar og kommunen sitt svar/oppfølging.
- Innkallingar/protokollar frå kommunestyret og øvrige politisk utval ligger tilgjengelig på kommunen si heimeside.
- Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for å følgje med på aktuelle saker i dei andre politiske utvala.
- Kontrollutvalet kan be om informasjon om ulike områder/saker eller frå ulike einingar. Risiko- og vesentlegvurderinga som vert utarbeidd som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon, skal vere eit godt hjelpemiddel for kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga. Ved å etterspørje informasjon frå einingar og områder som ikkje blir prioritert i forhold til forvaltningsrevisjon, får utvalet følgt opp større delar av forvaltninga.
- Verksemdsbesøk/alternativt orientering frå einingsleiar
- Følgje opp saker frå publikum ut frå eit systemperspektiv. Kontrollutvalet avgjer sjølv om saker skal følgjast opp ut frå om dei representerer ein tilstrekkeleg risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging.

4.2. OPPGÅVER KNYTT TIL REKNESKAPSREVISJON

- Ved handsaming av kommunen sine rekneskap, skal kontrollutvalet gje ein uttale som vert stila til kommunestyret. Formannskapet får kopi av uttalen, som skal følgje med innstillinga til kommunestyret.
- Alle nummererte brev eller andre typar revisjonsmerknader som revisjonen ønskjer at kontrollutvalet skal følgje opp, vert handsama fortløpande. Nummererte brev som ikkje blir godt nok følgt opp, vert sendt kommunestyret til vidare handsaming.
- Revisjonen skal kvar haust presentere plan for revisjonsåret. Vidare skal utvalet få presentert rapport frå interimrevisjonen og årsoppgjersrevisjon.
- Revisjonen sitt årsavslutningsbrev vert følgt opp av revisjonen, med orientering til kontrollutvalet.



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

4.3. OPPGÅVER KNYTT TIL FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

- Revisjonen skal sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak skjer i samsvar med reglar og vedtak.
- Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggest fram for kontrollutvalet.
- Revisor skal seinast 30.06 gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til administrasjonssjefen, om resultatet av kontrollen.

4.4. OPPGÅVER KNYTT TIL FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-3 minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal vere eit verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon. Risiko- og vesentlegvurderinga skal vise kvar i kommunen si verksemd eller i verksemda i kommunen sine selskap det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, etter innstilling frå kontrollutvalet.

På bakgrunn av planen kan kontrollutvalet bestille forvaltningsrevisjonar eller andre undersøkingar.

Alle forvaltningsrevisjonsrapporter eller andre undersøkingar vert lagt fram for kommunestyret for handsaming. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om forvaltningsrevisjon blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om tilrådingar blir følgt opp av administrasjonen. Kontrollutvalet rapporterer om dette i årsrapportar og verksemdsrapport.

4.5. OPPGÅVER KNYTT TIL EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-4 minst ein gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal vere eit verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for eigarskapskontroll. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommune sitt eigarskap, skal vise kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Plan for eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret sjølv, etter innstilling frå kontrollutvalet.

På bakgrunn av denne planen kan kontrollutvalet bestille eigarskapskontrollar.

Alle eigarskapskontrollar vert lagt fram for kommunestyret for handsaming. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunestyret sitt vedtak om eigarskapskontroll blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om tilrådingar blir følgt. Kontrollutvalet rapporterer om dette i årsrapportar og verksemdsrapport.



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

4.6. OPPGÅVER KNYTT TIL BUDSJETTBEHANDLINGEN

- Kontrollutvalet handamar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Vestnes kommune i første møte kvar haust. I forslaget ligg ramme for kontrollutvalet si verksemd, revisjonen si verksemd og sekretariatet si verksemd.
- Kontrollutvalet sitt forslag skal følgje budsjettsaka frå formannskapet til kommunestyret. Det er berre kommunestyret som kan korrigere i forhold til kontrollutvalet sitt forslag til budsjett, dette kan ikkje gjerast av administrasjonen.
- Budsjettet skal vedtakast av kommunestyret

4.7. OPPGÅVER KNYTT TIL TILSYN MED REVISJONSORDNINGA

- Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale med revisjonen. Avtalen set rammer for dei revisjonstenestene som revisjonen skal levere til kommunen.
- Revisjonen rapporterer om si verksemd gjennom deira «åpenhetsrapport»,
- Oppdragsansvarleg revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon skal legge fram sin vurdering av uavhengigheit
- I første møtet kvar haust orienterer revisjonen om revisjonsstrategien for revisjonsåret. Revisjonen sin plan for Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for utvalet
- Kontrollutvalet skal få rapport frå interimrevisjonen og årsoppgjersrevisjonen.
- Vurdering av kontrollutvalet sitt påsjåansvar for rekneskapsrevisjon vert gjort i tråd med Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin rettleiar «Kontrollutvalgets påseansvar overfor regnskapsrevisor». Vurdering at kontrollutvalet sitt påsjåansvar for forvaltningsrevisjon vert gjennomført i tråd med og Norges kommunerevisjon (NKRF) sin rettleiar for påsjåansvaret for forvaltningsrevisor. Dette vert gjennomført i første møte kvar hausten.
- Øvrige tiltak går fram av kontrollutvalet sin arbeidsplan

4.8. OPPGÅVER KNYTT TIL RAPPORTERING

- Kontrollutvalet sin årsrapport frå føregåande år, vert handsama i det første møte kvart år. Første år etter valet vert det ikkje lagt fram årsrapport.
- Det avtroppande kontrollutvalet legg fram rapport til kommunestyret frå kontrollutvalet si verksemd i valperioden.
- Årsrapport/verksemdsrapport vert sendt kommunestyret til orientering.
- I årsrapporten/verksemdsrapporten rapporterer kontrollutvalet til kommunestyret om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, samt om resultatet frå oppfølging av vedtak.
- Eventuelle oppfølgingar av nummererte brev vert også rapportert i årsrapport/verksemdsrapport. Kontrollutvalet vurderer ved kvart einskild nummerert brev, om det er naudsynt å rapportere til kommunestyret fortløpande.
- Rapportar etter gjennomført forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, eventuelt andre undersøkingar vert sendt fortløpande til kommunestyret for handsaming.

5. OPPLÆRINGS- OG ERFARINGSUTVEKSLING

Kontrollutvalet sine oppgåver er mange og store og ein ser behov for ein jamleg oppdatering av kompetanse. Dette er vist gjennom kontrollutvalet sitt forslag til budsjett som inneheld ein post til opplæring/kursverksemd.

- Kontrollutvalet vurderer sjølv om dei skal vere representert med medlemmer på Norges kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse som vert



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

arrangert i januar/februar kvart år. NKRF sin kontrollutvalskonferanse er ein stor konferanse med deltakarar frå heile landet.

- Vestnes kommune er medlem i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). FKT sitt formål er å vere ein møte- og kompetanseplass for menneskjer som arbeider med kontroll og tilsyn i kommunane, Sametinget og fylkeskommunane. I juni kvart år vert det avvikla årsmøte og fagkonferanse. Kontrollutvalet vurderer sjølv om dei skal vere representert med medlemmer på denne møteplassen.
- Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal inviterer kvart år til ein opplæringsdag for kontrollutvalsmedlemmar og varamedlemmar i kommunane knytt til sekretariatet.

Kontrollutvalet og sekretariatet vil fortsette arbeidet med å informere om kontrollarbeidet i kommunen bl.a. på sekretariatet si heimeside:

<https://www.kontrollutvalgromsdal.no/vestnes> og ved å oppfordre kommunen til å orientere om kontrollutvalet si verksemd på kommunen si heimeside.